

Tusen takk, for støtta i innlegget om grov forskjellsbehandling av Austevoll når det gjeld ferjer, dette innlegget blei lagt ut på Kvardagsprat i Austevoll på Facebook 2. mai. Det har gitt meg energi til å skriva dette innlegget, som eg trur blir mitt siste om ferjer, eg har no gjort det eg kan.

Politisk uforstand er årsaka til ferjesituasjonen i Austevoll

- I 10 år er det grundig stadfesta at Austevoll blir grovt forskjellsbehandla når da gjelder ruteproduksjon av ferjer. All ferjestatistikk og Helge Hopen rapporten dokumenterer dette. Døme: Sambandet Skjersholmane – Ranavik har 40% mindre trafikk enn Hufthamar – Krokeide og har to ferjer i drift kvar dag heile året pluss 2 timer lengre opningstid. Sambandet Årsnes – Gjermundshamn, er døgnopen, med fire tur/retur ruter mellom 00:00 og 06:00 dei har og omkjøringsmogelegheit, og har 200 000 mindre PBE enn Hufthamar – Krokeide.
- VLFK sitt SAMO med leiar frå AP, forvaltar eit budsjett på kr. 1 500 000 000.- utan retningsliner, Skyss har også ansvar her. Ein kan ikkje skylda på dårlig økonomi når ein ikkje har hatt retningsliner, sjølv om det no er vedtatt at dei skal laga slike.
- Det er 30 fylkesvegferjesamband i fylket vårt. Dei 2 sambanda i Austevoll står for 14 % av all trafikk (PBE) på desse.
- Helge Hopen rapporten kom i **2015**, 3 år før førra anbodsstart i **2018**. Konklusjonen til rapporten viste at: Austevolls ferjene får ikkje det rutetilbodet som trafikk grunnlaget tilseier, dei har ikkje omkjøringsmogelegheiter og at, «Næringslivet i Austevoll har ei verdiskaping som ligg 62 % over gjennomsnittet i landet». Dette er forklaringa på auka år for år. I følgje [SSB](#) pendlar det 685 inn til Austevoll og 452 ut av Austevoll (2024 tal). All ferjestatistikk har også dokumentert at Austevoll, ikkje får frekvens på ferjene som trafikk grunnlaget tilseier, i dei 10 åra etter denne rapporten kom.
- Tore Hufthammer har meldt seg ut av SP, for fleire år tilbake, då Senterpartiet sin eigen politikk og visjonar, ikkje gjaldt i saka om ferjer. Eg har trudd på SP sin politikk, inntil eg fekk stadfesta korleis ein behandla Austevoll i dette spørsmålet, på fylkesnivå ved politikarar, fylkesordførar og til det sentrale partiet ved noverande leiar. Ein liten brøkdel av saka finn de her: <https://hufthamar.no/ferjer-og-samferdsle-for-austevoll/>. **Det er ikkje berre SP som sviktar i denne saka, det gjeld alle parti i utvalet i dag og tidlegare utval.**

Til slutt, no må det være nok.

I 10 år er det grundig dokumentert at Austevoll ikkje får det rutetilbodet for ferje som trafikk grunnlaget tilseier, i tillegg til at me i Austevoll ikkje har omkjøringsmogelegheiter. Me har stadfesta dette lenge nok, no må det være slutt på denne grove uretten. Dette kan i beste fall kallast, stor politisk uforstand over lengre tid.

Trafikk grunnlaget (PBE) og omsyn til omkjøringsmogelegheiter må styra ferjerutene. Det burde vere sjølv sagt at dei blir styrt etter objektive kriteria og av objektive menneske. Det kan ikkje være politikarane som styrer ferjerutene, det har SAMO som er i dag, og tidlegare utval, grundig bevist at dei ikkje evnar å gjera rettvist.

Avstemming om ferjebetaling for Austevoll må kansellerast. Austevoll skal ha eit ferjetilbod som gjenspeilar trafikkgrunnlaget frå seinast 1. november, sjølv sagt utan brukar betaling.

Eg har brukt alt for mykje tid på denne uretten, vonar dette blir mitt siste innlegg om ferjer. Det må og nemnast at det same utvalet no også vil leggja ned Austevoll bussen for å spar pengar, dette er det og kraftig motstand mot, og er lite gjennomtenkt.

Takk for meg. Ja til likebehandlingsprinsippet.

Ta vare på kvarande, også dei som gjer feil, det skjer alle.

Du er ikkje til bry om du bryr deg.

Tore Hufthammer.